

# HANDLINGSPLAN - 2021

## - Prioriterte tiltak for Overordna samarbeidsutval i lokalsjukehusområdet

- Samarbeidsutvalet for Bergen kommune
- Samarbeidsutvalet for Nordhordland
- Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
- Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Område	Tiltak	Tidsramme	Status november 2021
Oppfølging av samarbeidsavtaler	<b>1.1 Samarbeid om handtering av pandemiar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Planlegge og gjennomføre ei undervegsevaluering av korleis <a href="#">Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa</a> og koordineringsgruppa har fungert i den pandemiske situasjonen.<ul style="list-style-type: none"><li>○ <i>Har avtalen bidratt til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under pandemien?</i></li><li>○ <i>Har avtalen sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus?</i></li></ul></li></ul>	2021	Undervegs evaluering er gjennomført.  Rapport er sendt partane.
	<b>1.2 Tenesteavtale 8</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Revisjon av tenesteavtale 8 om svangerskap-, fødsel- og barselomsorg, og tilhøyrande rutine og særavtalar</li><li>- Prosjekt «Forløp svangerskap, fødsel og barsel»</li></ul>	2021	Ingen endring i saka.
	<b>1.3 Tenesteavtale 11</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda</li><li>- Utarbeide og inngå særavtalar</li></ul>	2021	Utkast til mal er klar og har vore diskutert i UFAB Voss, Bergen og Bergensregionen. UFAB Nordhordland skal ha den opp før jul.  Det er kome innspel som skal vurderast og eventuelt innarbeidast.
	<b>1.4 Særavtale om utdanningsløp</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Utarbeide særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS</li></ul>	2021	Avtalen er sendt ut til partane for signering.
	<b>1.5 Årleg gjennomgang av avtaleverket</b>		2021

	<b>1.6 Tenesteavtale 10</b> - Samarbeid om førebygging - Revisjon av avtale  Utarbeide retningslinjer for samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging.	2021	I slutfasen av revisjonsarbeidet. Kjem opp som sak feb./mars 2022.  Ernæring: arbeidet pågår i arb.gr.
	<b>1.7 Utarbeiding av samarbeidsavtaler/tenesteavtaler som møter dei to føreslåtte lovkrava til kva samarbeidsavtalane skal innehalda</b>  - Kunnskapsdepartementet føreslår å innføre eit nytt krav om at samarbeidsavtalene mellom kommunane og spesialisthelsetenesta omfattar barn og unge (punkt 12 i helse- og omsorgstenesteloven § 6-2 første ledd). - Helse- og omsorgsdepartementet føreslår å innføre eit krav om at kommunane og spesialisthelsetenesta avtaler korleis dei saman skal planlegge og utvikle tenester (punkt 13 i helse- og omsorgstenesteloven § 6-2 første ledd).	2021	Lovendringane er vedteke.

Område	Tiltak	Tidsramme	
Oppfølging av andre samhandlings- initiativ	<b>2.1 Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b> - slutføre planarbeidet - arbeid med oppfølging av tiltak i planen  Felles utviklingsplan kan kome til å utløyse ei trong for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. SSE vil eventuelt fremja ei sak om dette når Felles utviklingsplan er ferdig handsama, mai 2021. Det vil og vera naturleg at handlingsplanen må evaluerast etter at Felles utviklingsplan er ferdigbehandla.	2021	Rapporten er levert og vert nytta som ein del av kunnskapsgrunnlaget i vidare arbeid med Helsefellesskap.
	<b>2.2 Prosjekt pasienten si legemiddelliste (PLL)</b> - Planlegge og gjennomføre nasjonal pilot	2021	Utprøvinga av PLL i Bergen er i gang, foreløpig har eit fastlegekontor starta. Ventar at fleire fastlegekontor er i gang med utprøvinga av PLL før nyttår.  HDS kan sjå PLL for pasientar som har dette, men har

			foreløpig ikkje starta med å sende PLL  HB har starta opp, men avdekka feil som gjer at pilot i sjukehuset er sett litt på vent.
	<b>2.3 Vidareutvikle saman.no</b>	2021	Kontinuerleg arbeid
	<b>2.4 Utarbeide retningsliner for lege til lege samarbeid</b> - fullføre arbeidet som er sett i gang	2021	Medisinsk fagleg utval har gjennomført sitt første møte med ny leiar og nyoppnemnde representantar. Utvalet held fram med arbeidet knytt til retningsliner for lege til lege-samarbeid i tråd med mandat gjeve av samarbeidsutvala.
	<b>2.5 Digital samhandling</b> - Utvikle den digitale samhandlinga mellom kommunane og sjukehusa - Partane skal vera orientert om prosjekt/tiltak som føregår med omsyn til digital samhandling	2021	SSe vil i samarbeid med utvalsleiarane vurdere om det skal setjast opp presentasjonar av prioriterte satsingar og prosjekt for det enkelte samarbeidsutvalet
	<b>2.6 Felles e-læringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse</b> - Utarbeide eit felles e-læringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse omkring vurderingar av når er ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta. - Somatikk - Rus og psykisk helse	2021	Pågåande arbeid. Prosess med utvikling av e-læringskurs har starta. Søknad om gjennomføring av e-læringskurs er sendt Helse Vest (regionalt e-læringsteam). Avgjerd i saka kjem i Fagdirektørmøtet 16.12.21.